



Vågsøy kommune

Møteprotokoll

Helse-og omsorgsutvalg

Møtested:	Formannskapssalen, 3. etg. Rådhuset
Møtedato:	11.02.2013
Tidspunkt:	09:00 - 10:40

Til behandling: **Saksliste nr. 004/13 - 006/13**

Medlemmer:

AP - Helen Hjertaas (Nestleder)
FRP - Lars Truls Kjølén (Medlem)
SV - Viviann Midtbø (Medlem)
V - Geir Arne Solheim (Medlem)
H - Reidun Synnøve Błaalid (Medlem)

Varamedlemmer:

H - Andreas Wik (Varamedlem)
SP - Betty Lovise Hessevik (Varamedlem)

Forfall:

SP - Nils Isak Myklebust (Leder)
H - Inger Grethe Dalehamn (Medlem)

Av 7 medlemmer møtte: 5. Totalt frammøtte: 7.

Fra administrasjonen møtte: konst. kommunalsjef Jeanette Jensen.

Måløy, 11.02.2013

Jeanette Jensen
konst. kommunalsjef

Irene Sivertsen
konsulent

Følgende saker ble behandlet:

Sak nr.	Sakstittel	
004/13	Godkjenning av møteprotokoll	
005/13	Referatsaker/orienteringssaker	
006/13	Søknad om prosjektmidler til stilling i barnevern	

Lokalmedisinske sengeplasser:

Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen informerte.

Sak skulle vært oppe til behandling i dag, men det er ikke behandlet klart med Helse Førde og fastlegene i kommunene. Det er avholdt møter med legene der man har sett på alternative måter å ha tilsyn på fra legene si side. Tanken er å lyse ut ei 30 % stilling der man har tilsyn mandag til fredag, 2 timer per dag. Det er ikke helt avklart hvor mye legene kan ta på seg.

Kommunene må handtere dette på egen hand i flg. Helse Førde. Leie av areal og kostnader opp mot dette, leie av utstyr etc.. er ikke forhandlet frem med Helse Førde per dags dato.

Forhandlingene er nå intensivert.

Konst. kommunalsjef Jensen konkluderte med at man trenger mer tid på å komme frem til noe alle er fornøyde med. Sak vil komme opp som en politisk sak når den er ferdig behandlet.

Informasjon TAF-linje:

Kinoversjon ble vist under møtet.

V v/repr. Geir Arne Solheim orienterte. Det er blitt lagt ned mye arbeid for å gå i selve kjernen. Det ble enighet å leie inn profesjonell hjelp og lage en film. Nordfjord Vekst kom på banen, og de har også gitt midler. Det er viktig at det nås ut til alle kommunene at TAF-linjen må beholdes. Eid og Måløy skal vise seg som 2 forskjellige skoler, og samarbeider godt om dette. Visjonene er «Skuler med ambisjoner for fremtiden» og «Hjørnesteiner i lokalsamfunnet». Målet er å få Fylkeskommunen til å se verdien av disse skolene.

Konst. kommunalsjef orienterte kort at uttalelse fra kommunen vedr. høring TAF er utsendt. Fristen var i utgangspunktet utgått, men i det forrige møtet ønskte Helse- og omsorgsutvalget at uttale skulle sendes.



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	11.02.2013	004/13

Endelig vedtak i: Helse- og omsorgsutvalget	Arkivsaknr.: 13/262	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	-------------------------------	--

Godkjenning av møteprotokoll

Rådmannens innstilling

Møteboken godkjennes som den foreligger.

11.02.2013 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Ingen merknader.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig godkjent.

HS-004/13

Vedtak:

Møteboken godkjennes som den foreligger.

Vedlagt følger møteprotokoll fra møte 21.01.2013.

Vedlegg:

Dok.nr
103838

Tittel på vedlegg
Møtebok HS 21.01.2013



SAKSGANG		
Styre, råd, utvalg m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	11.02.2013	005/13

Endelig vedtak i: Helse- og omsorgsutvalget	Arkivsaknr.: 13/261	Saksansvarlig: Irene Sivertsen
---	-------------------------------	--

Referatsaker/orienteringssaker

Rådmannens innstilling

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

11.02.2013 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Ref. sak 1: Nasjonale mål og prioriterte områder for 2013 innenfor helse- og omsorgsområdet:
Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte om utsendt rundskriv fra Helsedirektoratet, og hovedprioriteringene i forhold til kommunene.

Konst. leder Helen Hjertaas ønsker å få en tilbakemelding fra administrasjonen på hvilke 5 punkter kommunen er gode på og hvilke 5 punkter som blir sett på som utfordringer. Da kan man se på disse punktene opp i mot Handlingsprogrammet. Administrasjonen vil se på dette.

Ref. sak 2: Ope brev til Helse Midt-Norge og Helse Vest:

Konst. kommunalsjef Jensen informerte at det har vært avholdt møte i Volda der kommunelege Trond Inselseth hadde et innlegg. Innholdet i brevet gjelder de redige grensene mellom helseforetakene, at man kan benytte Volda sykehus opp i mot ortopedi og kirurgi. Volda sykehus kan komme til en presset situasjon der de må vise at der er grunnlag for opprettholdelse av deres sykehus.

H v/repr. Reidun Blaalid og Frp v/repr. Lars Kjølen oppfordret at politikerne må gjøre et innspill og ikke hvile på Sykehusaksjonen.

Konst. leder Helen Hjertaas konkluderte med at Helse- og omsorgsutvalget kan sende ut brev og be om svar, men at dette må tas med lederen i utvalget. Konst. leder Hjertaas tar dette opp med leder Nils Myklebust.

Helse- og omsorgsutvalget ønsket til slutt at kommunelege Trond Inselseth kommer i Kommunestyret den 14.02. Konst. kommunalsjef Jensen tar dette til etterretning.

Ref. sak 3: Nasjonale mål, hovedprioriteringer og tilskudd innenfor de sosiale tjenestene i arbeids- og velferdsforvaltningen 2013:

Konst. Jensen orienterte at veilederen sier noe om hva NAV skal jobbe med i den kommunale delen. Det er mye likt som i den andre veilederen da det er de samme hovedprioriteringene det handler om.

SV v/repr. Viviann Midtbø lurte på om kommunen har oversikt over hvor stor barnefattigdom som er i kommunen. Dette vil konst. kommunalsjef Jensen undersøke og komme tilbake til.

Sp v/repr. Betty Hessevik mente det ville vært interessant å blitt informert av NAV-leieren hvordan de håndterer saker og hvordan dette blir løyst. Repr. Hessevik ønsket å få vite litt mer om kvalitets- og rapporteringssystemet deres.

Det ble enighet i Helse- og omsorgsutvalget at de ønsket en orientering fra NAV på et senere møte der de vil ta opp de forskjellige spørsmålene sine.

Ref. sak 4: Høring – rapport om (Avhør av særlig sårbare personer i straffesaker):

Diskusjon i Helse- og omsorgsutvalget om de skulle svare på denne høringen. Fristen er satt til 16.04. Barnevernet er de som blir involvert i slike saker, og utvalget var enige om å spille det over til de siden de er fagpersoner i dette feltet. Konst. kommunalsjef Jensen orienterte at om barnevernet har en mening om dette vil et svar på høring bli utsendt.

Ref. sak 5: Utvikling og styrking av lokalsjukehuset:

Helse- og omsorgsutvalget ønsker informasjon om situasjonen med lokalsykehuset og hvordan Nordfjorrådet jobber. Det ble ytret ønske om en orientering fra ordfører på Kommunestyret den 14.02. Konst. kommunalsjef Jensen tar dette til etterretning.

Ref. sak 6: Kommunens plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold – Veiledningsmaterieill:

Konst. kommunalsjef Jensen orienterte kort. Dette er en revidering av tidligere veiledning. Det er gjort noen rettelser etter innspill. Kommunen vil få flere reviderte veiledninger frem til 2016.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig tatt til etterretning.

HS-005/13

Vedtak:

Meldingene tas til etterretning som de foreligger.

Liste over dokumenter til orientering:

Nr	Dok.ID	Dok.dato	Avsender/Mottaker	Tittel
1	13/827	21.01.2013	Helsedirektoratet	Nasjonale mål og prioriterte områder for 2013 innenfor helse- og omsorgsområdet
2	13/910	22.01.2013	Per Johan Ramsli; Trond Inselseth; Einar Sandven; Svein Hansen	Ope brev til Helse Midt-Norge og Helse Vest
3	13/1094	21.01.2013	NAV Arbeids- og velferdsdirektoratet	Nasjonale mål, hovedprioriteringer og tilskudd innenfor de sosiale tjenestene i arbeids- og velferdsforvaltningen 2013
4	13/1343	16.01.2013	Det kongelige justis- og beredskapsdepartem	Høring - rapport om (Avhør av særlig sårbare personer i straffesaker) - Frist

				ent	16.04.2013
5	13/261	I	07.01.2013	Bjørn Aage Eide	Utvikling og styrking av lokalsjukehuset
6	13/764	I	18.01.2013	Helse Førde HF	Kommunenes plikt til øyeblikkelig hjelp døgnopphold - Veiledningsmateriell



SAKSGANG		
Styre, råd, utval m.m.	Møtedato	Saksnummer
Helse-og omsorgsutvalg	11.02.2013	006/13
Kommunestyre	14.02.2013	003/13

Endeleg vedtak i: Kommunestyret	Arkivsaknr.: 13/273	Saksansvarleg: Jeanette Jensen
---	-------------------------------	--

Søknad om prosjektmidler til stilling i barnevern

Rådmannen si innstilling

Vågsøy kommune søker prosjektmidler hjå Fylkesmannen tilsvarande 0,7 stilling prosjektmidler til styrking av barnevern.

11.02.2013 Helse-og omsorgsutvalg

Møtebehandling:

Konst. kommunalsjef Jeanette Jensen orienterte kort, og viste til utfyllende sakspapirer. For å kunne søke på prosjektmidlene hos Fylkesmannen må den først opp som en politisk sak.

Helse- og omsorgsutvalget diskuterte.

SV v/repr. Viviann Midtbø etterspurte om artikkel vedr. få fosterheimplasser hadde ført til mer rekruttering i kommunen.

Konst. kommunalsjef Jensen orienterte at 1 familie var i tenkeboksen, men at flere hadde tatt kontakt. Tanken fremover er å ha et system der man informerer allerede i barnehagen. Samtidig er det viktig å bruke media og gjøre markering av dagene.

Psykologstilling ble diskutert i og med BUF-etaten er under omorganisering. Kommunen vil nå ta over. Konst. kommunalsjef Jensen orienterte kort om at denne stillingen ble utlyst i fjor, men at den ikke er besatt. Det er forsøkt andre løsninger, men man er ikke kommet frem til noe konkret. Frp v/repr. Lars Kjølén etterspurte om det er aktuelt at det jobbes før og etter kl 08.00 til 16.00. Konst. kommunalsjef Jensen ønske dette tatt opp som en orienterings sak på et senere møte.

Votering

Rådmannens innstilling enstemmig vedtatt.

HS-006/13

Vedtak:

Vågsøy kommune søker prosjektmidler hjå Fylkesmannen tilsvarande 0,7 stilling prosjektmidler til styrking av barnevern.

Aktuelle lover, forskrifter og plandokument

Lov om barneverntjenester

Rundskriv Q 312/2012 «Retningslinjer for satsing på kommunalt barnevern 2013»

Bakgrunn for saka

Vågsøy kommune ynskjer å søkje prosjektmidlar til auke av allereie tilført stilling (0,3) til 1,0 stilling ut frå følgjande punkt:

Vågsøy har over fleire år hatt eit høgt tal på meldingar, hjelpetiltak og plasseringar utanfor heimen (sjå tabell under). For å imøtekome dette vart det i 2009 gjort omorganisering i tenesta, der tenesta vart delt i team. Dette har vore ein føresetnad for å kunne handtere saksmengda. Det vart tilsett ein 5. fagperson i barnevernstenesta i 2010. Vidare har det vore vurdert interkommunalt barnevern i Nordfjord, men dette har det så langt ikkje vore politisk semje om i dei ulike kommunane.

Saksopplysningar / fakta

Barnevernstenesta si hovudoppgåve er å sikre at born og unge som lever under forhold som kan skade helse og utvikling, får naudsynt hjelp og omsorg i rett tid. Barnevernstenesta skal også syte føre at born og unge får trygge oppvekstvilkår.

Barnevernstenesta i Vågsøy har 5 personar tilsette, alle med fagkompetanse. Ein av dei tilsette har vidareutdanning innan familieterapi, og ein tilsett med etterutdanning innan førebyggjande arbeid. I 2012 fekk tenesta tilført 0,3 stilling (prosjektmidlar) i høve satsing på kommunal barnevern 2012, fordelt av fylkesmannen i Sogn og Fjordane. Tilskotet gjaldt frå 01.02.12. Det vart tilsett ein sosionom i engasjement i 0,5 stilling f.o.m. 01.08.12 t.o.m. 28.02.13. Ut frå rundskriv Q-31/2012 vert stillingar det vart gitt løyve til i 2011 og 2012, vidareført i 2013. I tillegg vert det øyremerkte midlar til ytterlegare 271 stillingar på landsbasis. Av desse vert 5 stillingar fordelt til Sogn og Fjordane.

Tabellen under syner tal på meldingar ,hjelpetiltak og plasseringar frå 2010 – 2012:

	2010	2011	2012
Tal meldingar	59	60	70
Tal nye undersøkingar	42	40	45
Tal fristbort i undersøkingar	4	0	1
Tal avslutta undersøkingar	48	48	36
Tal på henlagte meldinger	19	20	23
Hjelpetiltak i heimen	40	43	36
Hjelpetiltak utanfor heimen	16	21	16
Omsorgstiltak	15	16	20
Midlertidige tiltak	4	2	1
Saker til fylkesnemnda/tingretten	10barn/5 saker	8barn/4 saker	6barn/4 saker
Born med tiltaksplan	37	42	30 (pr. i dag manglar 14 barn tiltaksplan)
Born med omsorgsplan	15	16	20
Born med tilsynsførar som har krav på dette i vår kommune	4	5	5 ansvar 1 utan tilsyn
Hjelpetiltak med mangelfull evaluering	-	-	Pr. i dag manglar 10 barn med hjelpetiltak evaluering

I januar 2013 har vi fått in 10 meldingar. 3 barn er akutt plasserte, og det er teke avgjerd om plassering av ytterligere 3 barn. 5 av sakene som er i undersøkingsfasen er /skal det innhentast ekstern bistand (sakkunnig vurdering) då sakene er svært alvorlege og komplekse. Status pr. i dag på saker som skal til nemnd/tingrett er 5. I høve fristbort vil 5 av sakene som vart starta i 2012, overskrid fristen. Dette vil kome fram i 1. kvartalsrapport 2013.

I oversikta under syner det at 23 born er plasserte utanfor heimen. (Dei tre akutt plasserte borna i år er ikkje teke med i oversikta.) Mange av desse bur i kommunar i Sunnfjord og Sogn. Dette fører til at det er ekstra tidkrevjande å følgje opp desse fosterheimane. Lista under syner plasseringskommunane:

Plasseringskommune	Tal born
Vågsøy	6
Førde	2
Naustdal	3
Florø	4
Gloppen	1
Volda	1
Arendal	1
Solund	3
Askvoll	2
Sogndal	1
Gaular	1
Luster	1
Hyllestad	3
Eid	1
Bremanger	1

Både på sentralt nivå og i kommunen er målet tidleg intervensjon i saker med born og unge. Dette gjeld både at ein kjem tidleg inn i livsløpet til barnet, og at ein kjem tidleg inn når vanskar vert avdekt eller oppstår. Det er difor av stor betydning at dette vert prioritert i barnevernstenesta. Tidleg intervensjon krev tidsbruk for å avdekke problemområde, og det krev kompetanse for å sette inn rett tiltak. Vidare krev det tverrfagleg arbeid for å løyse oppgåvene i lag. Det er ei utfordring å få gjort ein tilfredsstillande innsats på dette området med dagens ressursar.

Lovkrav til barnevernstenesta er stor i høve utføring av faget, tidsfristar, internkontroll m.m. Vidare er det stadig nye lovkrav som kjem. Her kan nemnast forsterka plikt til evaluering av hjelpetiltak, fokus på samtale med barn m.m. Alle lovkrava vert sett som hensiktsmessige, men gjev likevel ei utfordring å gjennomføre i høve knappe ressursar.

I Vågsøy, som i andre kommunar, har familiemønster endra seg dei siste åra. Dette kan gje utfordring for born og unge. Vidare er faktorar som arbeidsløyse, fråfall frå vidaregåande skule, demografi m.m. med å skape eit samfunn og dets utvikling. Vågsøy får stadig tilbakemelding frå instansar som BUP, BUF-etat, Nordfjord psykiatrisenter m.fl. at det er eit større tal familiar med utfordring i Vågsøy enn dei andre kommunane i Nordfjord. Dette gjeld både psykiatri og rus. Det er vanskeleg å finne ei klar årsak til dette, men tal på barnevernssaker tyder på at utsegna kan vere reelle.

Vurdering / konsekvensar

Vågsøy kommune har i dag 5 saksbehandlarar, samt 0,3 stilling ved løyvde midlar, som skal ta seg av meldingar, undersøkingar, fylkesnemndsaker, setje i gang og følgje opp hjelpetiltak, følgje opp born under omsorg, lage nødvendige planer, godkjenne adoptivforeldre, tverrfagleg samarbeid omkring born og unge, drive førebyggjande barnevernsarbeid, forutan jorunalføring, internkontroll, fagleg utvikling, jamleg rapportering m.m.

Høgt tal meldingar der det er tidsfristar, fosterheimar som er geografisk langt borte frå Vågsøy som skal følgjast opp, kompleksitet i sakene m.m. føre til at hjelpetiltak i heimen har vorte skadelidande. Dette gjeld både det å finne rett tiltak og å evaluere tiltak som vert sette i verk. Barnevernstenesta ser dette som eit svært viktig arbeid, men har likevel ikkje tilstrekkeleg med ressursar til å kunne utføre eit tilfredsstillande arbeid på dette området. Det vert også stilt spørsmål om korleis kommunen skal løyse dei nye utfordringane som er skisserte i nytt lovforslag. Vågsøy har nytta seg mykje av FNT og PMTO, noko som no må takast stilling til korleis dette skal vidareførast. Dette gjev ytterlegare utfordring for barnevernstenesta.

Slik det er i dag står ikkje ressursane i barnevernstenesta i samsvar med oppgåvene som skal løysast.

På bakgrunn av dette, og med eit ynskje om å gje born og unge i kommunen den tryggleiken dei har rett på, ynskjer ein å søke prosjektmidlar til 0,7 stilling - i tillegg til allereie løyvde midlar, 0,3 stilling - slik at Vågsøy kommune styrkar barnevernstenesta med 1,0 stilling ved hjelp av styrkingsmidlar tildelt av fylkesmanne.

Slik barnevernstenesta ser det er det behov for å styrke tal saksbehandlarar, der hjelpetiltak får meir fokus. Ved løyving av midlar til 1,0 ny stilling vil det verte starta ein prosess der ein tek stilling til om 1-2 skal ha alt som høyrer til under tiltaksoppgåver, eller om tiltaksarbeid skal styrkast gjennom at oppgåvene vert delt som i dag, og at det vil vere meir tid for kvar einskild å jobbe med «sine» hjelpetiltak.

Vedlegg:
Dok.nr
102896

Tittel på vedlegg
Retningslinjer for satsing på kommunalt barnevern 2013

